



Arkivnr: 2014/23709-49

Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg**Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for miljø og samferdsel		07.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

**Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner.
Søknad om midlar for 2018****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Statens vegvesen Region vest datert 13.03.17 angåande *Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner – invitasjon til å søke om midler for 2018*.

Hordaland fylkeskommune søker med dette om tilskott til infrastruktur for syklistar på fylkesveg, samt bysykkelordning, sykkelparkering og anna tilrettelegging som betrar tilhøva for dei som syklar. Eigendelen på 50 % vert finansiert over fylkesbudsjettet. Finansiering av bysykkelordninga vert avklart seinare i haust i samband med handsaming av handlingsprogrammet for byvekstavtalen for Bergen.

Hordaland fylkeskommune har utforma søknad i samråd med Statens vegvesen og Bergen kommune. Tiltak på kommunal veg og anlegg er ikkje ein del av søknaden.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at tiltaka i denne søknaden berre er ein del av den samla innsatsen knytt til auka sykkelbruk i fylket For ein samla presentasjon av alle fysiske tiltak knytt til auka sykkelbruk som er i prosess blir det vist gjeldande «*Plan og byggeprogram 2017*», samt det kommande investeringsprogrammet for 2018. I tillegg er finansiering av sykkeltiltak eit viktig satsingsområde i byvekstavtalen for Bergen som vart ferdigforhandla i mai 2017.

Søknadsfrist for tilskotsordninga er 1. september 2017. Statens vegvesen er orientert om at Hordaland fylkeskommune må ettersenda vedtak om forpliktingar i høve til eigendelen i etterkant av fylkesutvalsmøtet 21. september 2017.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknaden om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar, i følgjande prioriterte rekkefølge:
 - 1.Bysykkelordning i Bergen
 - 2.Etablering av g/s-veg Hegglandsdalsvegen
 - 3.Etablering av g/s- veg Hystadvegen (Stord)
 - 4.Oppfølging av Sykkelveginspeksjonar - Bergen og Stord
 - Bergen sentrum – Loddefjord
 - Bergen sentrum – Flesland

- Nesttun – Os kommune grense
- Bergen sentrum – Eidsvåg
- Sandvikvåg- Frøyno - Stord

- 5.Etablering av g/s- veg Tysevegen (Stord)
- 6.Fotstøtter i lyskryss
- 7.Sikker sykkelparkering på kollektivknutepunkt
- 8.Sikker sykkelparkering ved vidaregåande skole

2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest legg fylkesutvalet til grunn at naudsynt eigenandel på inntil 36,75 mill. kroner vert finansiert over fylkesbudsjettet. Endeleg finansiering av eigenandel for bysykkelordninga i Bergen vil bli avklart i haust i samband med handsaming av handlingsprogrammet for byvekstavtalen for Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Søknadsskjema – bisykkelordning i Bergen
2. Søknadsskjema – etablering av G/S-veg Hegglandsdalsvegen (Os)
3. Søknadsskjema – etablering av G/S-veg Hystadvegen (Stord)
4. Søknadsskjema - oppfølging av Sykkelveginspeksjonar - Bergen og Stord
5. Søknadsskjema – etablering av G/S-veg Tysevegen (Stord)
6. Søknadsskjema - fotstøtter i lyskryss
7. Søknadsskjema - sikker sykkelparkering ved kollektivknutepunkt
8. Søknadsskjema – sikker sykkelparkering ved vidaregåande skole

Fylkesrådmannen, 21.08.2017

Bakgrunn

I samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett i 2014 vart det oppretta ei tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Formålet er å bidra til raskare gjennomføring av tiltak som betrar framkomme for dei som sykler og går. Ordninga skal bidra til meir fokus på sykkeltilrettelegging og tiltak som gir auka sykkelbruk. Gjennom ordninga kan det søkast om midlar til fysiske tiltak innan:

- Gang- sykkelveg
- Sykkelparkering
- Oppmerking
- Skilting

Invitasjonsbrevet gjer det klart at kommunar og fylkeskommunar som har inngått ein forpliktande sykkelbyavtale om auka sykkelsatsing vert prioritert i høve til tildeling av midlar. I Hordaland har fylkeskommunen og Statens vegvesen inngått sykkelby-avtaler med Bergen kommune og Stord kommune. Eit av tiltaka i Regional Transportplan 2018 – 2029 (RTP) er å inngå fleire sykkelbyavtaler med kommunar som har regionsenter. I juni i år fatta Fjell kommune vedtak om å inngå sykkelbyavtale, og det er lagt opp til signering av avtalen så raskt som mogleg. Os kommune er i prosess med eit tilsvarande politisk vedtak, og partane tek sikte på å signere sykkelbyavtale for Os seinare i haust.

I tillegg vil prosjekt som er knytt til trygg skoleveg bli prioritert i sykkeltilskotsordninga. Hordaland fylkeskommune har stort fokus på trygg tilkomst til skolen, og er mellom anna pådrivarar for å etablere «Hjertesoner» rundt skoler. Bergen kommune har politisk vedteke å etablere slik sone rundt sine kommunale skoler.

Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen i oppdrag å administrera tilskotsordninga. Den endeleg ramma for midlar som skal fordelast vert først kjent når statsbudsjettet vert vedteke seinare i haust.

Sidan 2014 har tilskotssum og tildelinga vore som følgjande:

Årstall	Midlar bevilga over statsbudsjettet	Prosjekter HFK søkte om	Prosjekter som fekk tildelt midlar
2014/15	95 mill. kr	Hordaland fylkeskommune søkte saman med Bergen kommune om 11,2 mill. kr i tilskot til følgjande tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Etablering av sykkelveg i Fabrikkgaten - Gjennomføring av tiltak etter sykkelveginspeksjon langs fylkesveg - Etablering av visningsskilt langs hovudsykkelruter på fylkesveg - Sikker sykkelparkering ved Åsane kollektivterminal - Sikker sykkelparkering ved lagunen kollektivterminal - Sikker sykkelparkering ved Birkelandskifet kollektivterminal - Sikker sykkelparkering ved Nesttun kollektivterminal - Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsvegen 	Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vart tildelt 11,2 mill kr til dei prosjekta det vart søkt om
2016	162,5	Hordaland fylkeskommune søkte saman med Bergen kommune og Børmlø kommune om 59,85 mill. kr tilskot til følgjande tilak:	Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune fekk tildelt 13,35 mill. kr i tilskot til følgjande tilak:

		<ul style="list-style-type: none"> - Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsvegen, del II - Etablering av veglys langs G/S-rute Kvamvegen - Etablering av Småpudden gang- og sykkelsbane - Gjennomføring av skilting og oppmerking langs hovedsykkelrute på fylkesveg - Gjennomføre ulike G/S-tiltak i samband med utbygging av Bybanen byggetrinn III - Ferdigstille GS-tiltak i Skrivarvegen del II, langs fylkesveg 61 - Vidareføring av 450 m GS-veg mot Sverdland sentrum, langs fylkesveg 	<ul style="list-style-type: none"> - Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsvegen, del II - Etablering av veglys langs G/S-rute, Kvamvegen - Ferdigstille GS-tiltak i Skrivarvegen del II, langs fylkesveg 61 - Vidareføring av 450 m GS-veg mot Sverdland sentrum, langs fylkesveg
2017	122,5	<p>Hordaland fylkeskommune søkte saman med Bergen kommune og Voss komme om 13,9 mill.kr tilskot til følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablering av G/S-veg frå Osvegen til Slåtthaug idrettspark - Etablering av G/S prosjekt «Snarvegar til bybanen» - Etablering av G/S-anlegg Skrivarvegen - Etablering av G/S-anlegg Rometveitvegen - Utbetring av eksisterande G/S-veg Gjernes - Trygg og sikker sykkelparkering ved følgjande vidaregåande skoler: <ul style="list-style-type: none"> ○ Fyllingsdalen vgs ○ Årstad vgs ○ Fitjar vgs ○ Kvinnherad vgs 	<p>Hordaland fylkeskommune søkte saman med Bergen kommune og Voss komme fekk tildelt 8,07 mill.kr tilskot til følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablering av G/S-veg frå Osvegen til Slåtthaug idrettspark - Etablering av G/S-anlegg Skrivarvegen - Etablering av G/S-anlegg Rometveitvegen - Utbetring av eksisterande G/S-veg Gjernes - Trygg og sikker sykkelparkering ved følgjande vidaregåande skoler: <ul style="list-style-type: none"> ○ Fyllingsdalen vgs ○ Årstad vgs ○ Fitjar vgs ○ Kvinnherad vgs

Prosjekt det vert søkt om for 2018

Det er knytt ulike vilkår til søknadsprosessen, mellom anna skal prosjekt det vert søkt om tilskot til ha vedteke reguleringsplan på søknadstidspunktet og kunna ferdigstilla i løpet av 2018. Dette avgrensar moglegitene til å søkje tilskot til dei største strekningsvise sykkeltiltaka som det er pågåande planprosessar knytt til.

Fylkesrådmannen vil minne om at hovudprioriteringane knytt til sykkeltiltak skjer i samband med vedtak av «Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2018» i desembertinget i år. Investeringsprogrammet for 2018 vil erstatte tidlegare Plan- og byggeprogram; eit for Bergen (Bergensprogrammet) og eit for kommunane utanfor Bergen. Det kan nemnast at i Bergensprogrammet sitt «Plan- og byggeprogram 2017» er det sett av 154 mill. kr til ulike sykkelprosjekt med fokus på å få eit samanhengande sykkelvegnett. I samband med Byvektavtalen for Bergen som vart forhandla fram i juni i år vil også investeringar knytt til infrastruktur sykkel vere høgt prioritert.

I samråd med Statens vegvesen og Bergen kommune har Hordaland fylkeskommune kome fram til 8 tiltak det vert søkt om tilskot til. Det er gjort ei prioritering av dei ulike prosjekta. Bisykkelordninga i Bergen er gitt 1. priorititet. Ordninga har vist seg svært populær gjennom de midlertidige bysykkelordningane som har vore. Både fylkeskommunen og kommunen arbeider for ein permanent bysykkelordning, og for å auke

sykkelandelen i byområdet. Bergen kommune skal gjennomføre forhandlingar med aktuelle tilbydarar på bysykkelordning i haust, og det er lagt opp til at kontrakt vert underteikna før årsskiftet.

Vidare er det er lagt vekt på prosjekt som kan bidra til trygg skoleveg. Hegglandsdalsvegen, frå Hatvikvegen og fram til Vallabrua, er difor gitt 2. priorititet. Os kommune har starta planarbeidet med å etablere ny skole som får Hegglandsdalsvegen som tilførselsveg. På strekninga skal det leggast ned nye rør, og i samarbeid med kommunen vil ein søkje løysingar som gjer prosjektet mest mogleg kostnadssparande for partane. Det må merkast at gjennomføring av prosjektet er avhengig av bidrag frå Os kommune, og fylkesrådmannen er i dialog med kommunen om eit mogleg spleiselas.

Alle prosjekta er gjort nærmere greie for i søknadsskjema som er lagt ved. Tabellen under viser ei samla oversikt:

Tiltak	Totalkostnad	Søknadssum
1. Bysykkelordning i Bergen*	8 mill. kr	4 mill kr
2. Etablering av g/s-veg Hegglandsdalsvegen (Os)*	36 mill. kr	18 mill. kr
3. Etablering av g/s- veg Hystadvegen (Stord)	10 mill. kr	5 mill. kr
4. Oppfølging av Sykkelveginspeksjonar - Bergen og Stord: <ul style="list-style-type: none"> i. Bergen sentrum – Loddefjord (1,5 mill kr) ii. Bergen sentrum – Flesland (1 mill kr) iii. Nesttun – Os kommune grense (0,2 mill kr) iv. Bergen sentrum – Eidsvåg (2 mill kr) v. Sandvikvåg- Frøyne (2 mill kr) vi. Stord (2 mill. kr) 	10 mill. kr	5 mill. kr
5. Etablering av g/s- veg Tysevegen (Stord)	4,5 mill. kr	2,25 mill. kr
6. Fotstøtter i lyskryss	1 mill. kr	0,5 mill. kr
7. Sikker sykkelparkering på kollektivknutepunkt ved Sletten senter	1,5 mill. kr	0,75 mill. kr
8. Sikker sykkelparkering ved vidaregåande skole, som til dømes Arna vidaregåande skole	2,5 mill. kr	1,25 mill. kr
SUM	73,5 mill. kr	36,75 mill. kr

Endeleg fordeling av kostnaden til eigendel er ikkje klarlagt.

*Avhenger av eit spleiselas med Os kommune

1. Finansiering

Invitasjonsbrevet set krav om 50% eigendel for alle tiltaka det vert søkt om. For dei ulike prosjekta er det ein samla kostnad på 73,5 mill. kroner, og det vert søkt om 36,75 mill. kroner i tilskot. Det er lagt opp til at finansieringa vert innarbeida i fylkesbudsjettet for 2018 – etter at tildeling av midlar er avgjort av Region vest.

Med unntak av bysykkelordninga er realiseringa av dei ulike prosjekta avhengig av fylkesbudsjettet for 2018.

2. Rådmannen si tilråding

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere fylkeskommunar og kommunar til ei raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkomme for gåande og syklistar. I Hordaland er engasementet stort for å legge til rette for syklistar, og fylkesrådmannen meiner prosjekta det er søkt om midlar til vil vere viktige bidrag til å raskare gjøre sykkeltilbodet i fylket tryggare og meir attraktivt for brukarane. Målet er å få fleire til å finne

fram sykkelen. For samfunnet gir dette gevinst i form av betre folkehelse og færre biler på vegane. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner søknaden.